



RIKSANTIKVAREN  
Postboks 1483 Vika  
0116 OSLO

Att:

Dykkar ref..

Vår ref.  
24/854-2/24/10149

Arkivkode:  
K2-V00

Dato:  
28.06.2024

## HØYRING - RIKSANTIKVAREN SIN BEVARINGSSTRATEGI FOR LANDBRUKETS KULTURMILJØ

Hjelmeland kommune viser til høyringsbrev og høyringsforslag sendt ut 8.5.24.

Uttalen frå Hjelmeland kommune er ein uttale frå administrasjonen, uttalen har ikkje blitt politisk behandla, men blir referert for politisk utvalg - areal- og forvaltningsutvalet.

Hjelmeland kommune har nokon merknadar generelt og noko meir spesifikk på ulike deltema.

Generelt er **kunnskap** om viktig. Det gjeld bla kunnskap om handtverk og skjøtsel; både teknisk, materialval og bruk/stell/skjøtsel. Kunnskap er viktig i alle 4 deltema.

Det gjeld både offentleg forvaltning og eigarane.

Større kunnskap kan og skapa større engasjement.

SEFRAK- her er bygg som er bygd før 1900 registrert. Burde her vore ein ny registrering slik at ein for eksempel fekk med bygg som var bygd før 1950? Ein gong bør ein og ta vare på nyare bygg, dei blir og historiske etter kvart. SEFRAK bør vere eit hjelpemiddel også nå og framover. Her er bygg; enkeltbygg, typar bygg og byggeskikk og materialval som kan vere viktige å ta vare på for si tid, og då må dette hjelpemiddelet oppdaterast. Det er og stadig aktuelt med oppdatering av eksisterande register og bygga som er registrert der. Eit system for oppdatering av SEFRAK – når registrerte bygg blir restaurert, berre reparert utan at det er tidsriktig og SEFRAK-verdien kanskje dermed blir endra, og riving av bygg. Kunnskap om SEFRAK – det er nok ein del eigarar av bygg som er registrert i SEFRAK som ikkje er kjent med registreringa.

Det er utfordring å få fleire til å sjå på kulturmiljø som eit gode og ein ressurs. Ikkje alle ser nytten av å ta vare på bygga, landskapstrekka osv. Kunnskap og ressursutnytting er vitig, kulturmiljøet må ikkje berre blir noko «heft» ein stadig må ta omsyn til.

Bygg, kulturlandskap, kulturminne skaper eit miljø i samanheng, men er stundom «lite verd» enkeltvis.

Verkemiddel

Plan- og bygningslova og ein rekke tilskotsordningar i landbruket står det at kommunen har. Når det gjeld for eksempel SMIL-mildar så er det ikkje store summer som blir tilført kommunane, og i alle fall i Rogaland er prioriteringa frå Statsforvaltaren på tiltak som

reduserer/hindrar forureining, og biologisk mangfald, lite til kulturlandskapselement som bygg, stølar ol.

### Deltema 1. Bygg i jordbruket

Riksantikvaren vil bla leggja hovudvekt på «enhetsloven». Det er svært viktig at dersom ein skal ta vare på denne typen bygg, og helst bruke den vidare i drifta på garden, så må her vere eit breitt samarbeid mellom bevaring og rasjonell drift og ivaretaking av dyrevelferd og bonden si helse/velferd.

Gamle bygg som blir tatt vare på, og ombygd/utbygd, kan gi gode løysingar som fyller vilkår for dyrevelferd og rasjonell drift, men her må ein få faglege innspel på løysingar.

Drifta i bygget må fyller nye vilkår til dyrevelferd, gi rasjonell drift for bonden, gjødselhandtering må vere trygt i høve til både gassar og unngå lekkasjar, og ein skal sannsynlegvis og fyller vilkår for ei mekaniseringslinje som skal gi rom for biogass og biorest, enten ein har lokalt anlegg eller leverer til sentralt anlegg og skal ta imot omdanna gjødsel i retur.

Alle slike tilpassingar kostar mykje pengar. Ein sparar materialar og miljø og kanskje i utgangspunktet då kanskje og pengar med gjenbruk/vidare bruk av eksisterande bygg, MEN tilpassing til gjeldande krav gjer i mange samanhengar at ombygging, gjenbruk og tilpassing, kan bli dyrare enn ny løysing der ein startar med «blanke ark» for å få noko som fyller alle krav.

Det må difor følgje økonomiske verkemiddel med dersom ein ønskjer ei satsing på bygg. Ein må ha ei realistisk tilnærming til dette målet.

Pr i dag er prioriteringane slik i nokon fylke at andre miljøutfordringar og klimamål går framfor ivaretaking av bygg, og det blir lite/ingen ting att til landbruksbygg. Dette gjeld i alle fall SMIL-midlar, kanskje og andre midlar.

I høyringsforslaget står her og noko om at ein bør vurderer om «enhetslåven» kan få alternativ bruk. Her er det mange omsyn å ta, i høve til planstatus for arealbruk, bruksendring etter plan- og bygningslova. Kva kan reknast som tilleggsnæring under «garden som ressurs» og kva krev andre løyve/ dispensasjon frå LNF? Her kan bli konflikt mellom tradisjonelt landbruk og anna næring. Dette er omsyn som må takast når bevaringsstrategien skal utarbeidast.

### Deltema 2 Jordbrukslandskapet

Det står at ein skal utvikle og iverksette tiltak for å redusere og forebygge konfliktar mellom jordbruksdrift og arkeologiske kulturminne. Det hadde vore flott om ein fekk til det.

I dag er det stadig konflikt pga dei stadene som er lagelege for landbruksdrift og busetting også er dei stadene som det har vore lageleg før også, og når folk har drive landbruk og hatt busetting her i alle tider, blir det kulturminne av dette.

I dag er mest alle tiltak ein skal til med på høyring i høve til kulturminne, enden det er grøfting, dyrking, landbruksveggar e.l.. Tiltak på hus av ein viss alder skal på høyring til Rogaland Fylkeskommune.

Alle desse høyringane tek tid og krev ressursar. Dei hindrar at ein gjer tiltak utan å ha fått fagleg uttale om kulturminne, men det reduserer ikkje konflikten mellom jordbruksdrift og arkeologiske kulturminne.

### Steingardar

Dette er eit tradisjonelt syn i kulturlandskapet. Oppsett når areal vart dyrka og ein brukte steinen frå dyrkinga til å gjerde inne teigen, gjerde ute dyra. Oppsetting av steingardar som naboskifte, mellom innmark og utmark, rundt teigar osv. Steingardane fortel mykje om teiginndeling og drifta tidlegare.

I jordbruket må ein få førehandsgodkjenning om ein skal fjerne steingard, elles kan ein få redusert areal- og kulturlandskapstilskot. Dersom det ikkje er landbrukseigedom/drift, så er her ikkje noko søknadspått eller sanksjonsmoglegheit dersom nokon vil fjerne steingarden. Rasjonalisering - samanslåing av gardar slik at steingarden ikkje er naboskifte lengre, eller større maskinar som krev større plass, fører bla til at ein del steingardar blir fjerna. Me har ikkje forslag til løysing, men ser dette er ei utfordring.

Attgroing med lauvskog høgare til fjells er ei utfordring – både i høve til beitekvalitet i utmarksbeite, men og i høve til tilgjengelegheit for folk og fe. Stiar og ferdsselsårer gror att og er både vanskelege å finne og å ta seg fram på. Med dette forsvinn både det synlege sporet etter ferdsel i kulturlandskapet, og kvar ein ferdast, men ein mister og historiene om bruk av

areala.

Attgroing gjer og at gamle stølsvollar ol. gror til og forsvinn som kulturlandskapselement. Ståande bygningar kan bli vanskelege å vedlikehalde dersom her gror att – fuktigare klima og mindre lys og luft til bygga.

Resultatmåla som er sett opp under deltema 2 er fine mål, men me meiner dei kan vere urealistiske og vanskeleg å nå.

Delmål 4 tamreindrift

Her er og ein del kulturminne langs trekkvegar, som fangstanlegg osv. knytt til villrein. Dette kan og vere aktuelt å ta vare på noko av, særleg nå som her blir mindre og mindre villrein og ein set inn store ressursar i høve til forvaltningsplanar for villrein. Det kan og vere aktuelt å ta vare på noko av kulturmiljøet rundt villrein.

Med helsing  
Plan og forvaltning

Anne Kari Skogerbø  
fagkonsulent landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur*